

Vurdering av betalingsmetodar aktivitetar på avdelinga ungdom, fritid og medverknad

I Alver kommune er det 5 ungdomsklubbar, på tenesteområde kultur, under avdeling ungdom, fritid og medverknad.

I dagens kommunar er det bare tre av klubbane som driv med sal, men inn i Alver skal alle klubbane ha sal på klubbkveldar og på større arrangement. Entry og Kraften i Lindås har ikkje eit kassesystem i dag, bankterminal eller vipps. Radøy ungdomsklubb har eit kasseapparat som er utdatert, vipps og ein bankterminal frå Nets med høg månadsleie.

Man treng ikkje kasseapparat før man overstig kr 299.574,- i omsetning pr enhet. Alle klubbane vert vurdert som ein enhet. Klubbane vil ikkje overstige kr 299. 574 i omsetting, men ynskjer likevel bruk av kasseapparat sjølv om det ikkje er krav om det. Dette på grunn av betre kontroll på utgiftene, og at det skal vere enklare for ungdommar som hjelper til i kiosken. Avdelinga ynskjer at kvar klubb har eit kasseapparat, bankterminal og vipps. Det må også vere muligheit for å betale med kontantar, der fleire av klubbane har juniorklubber for born frå 4-7 klasse som ikkje har bankkort eller vipps.

Konkret informasjon om korfor klubbane ynskjer dette:

Kasseapparat:

Handheld til bokføringsforskrifta skal alt **kontantsal** registreras i kassaapparat, med mindre det dreier seg om sporadisk eller ambulerande omsetning. Her er det gjort et viktig unntak for kommunesektoren i regnskapsforskriften: I virksomheter hvor inntekt fra den ordinære driften ikke er avgiftspliktig, er det ikke krav til kassaapparat når **kontantomsetningen** ikke overstiger 3G (3 ganger folketrygdens grunnbeløp (**fra 1. mai 2019 kr 299 574**), selv om dette **kontantsalget** er avgiftspliktig.

Grunn til korfor me ynskjer kasseapparat:

- All omsetning vert dokumentert. Lett å halde oversikt og bokføre etter. Vanskeleg å drive med uærligheit.
- Koster å kjøpe inn samt eventuelle månedlig utgifter.
- Ungdommen sjølve står i kiosken, lettere å ha kontroll på salget og lettere for dei å mestre sal.
- Ha ein heilhetlig oversikt over sal på vipps, bankterminal og kontant.

Vipps:

- dei fleste vaksne og ungdom har vipps.
- Det er ein svært billig løysning
- Lett for forsette å vippse til klubbane skulle det vere noko
- Lett å bruke vipps til billettsal og eigenandeler til aktivitetar utan å vere tilstade

Kontantar:

- Fare for feilhandtering (betale for lite/mykje tilbake), lettare å stele og vanskelegere å avdekke utan kasseapparat.
- Må føras kassedagbok .Enklare knytt til kasseapparat der rapportar vert utskrivne.
- Eit rimeleg alternativ
- Klubbane har fleire arrangement for born som ikkje har bankkort eller vipps. Dette gjeldt også fleire yngre ungdommar.

Bankterminal:

- Eit rimeleg alternativ i forhold til kasse. Men det må kjøpast inn til klubbane. Kr 199,- i eingongsbeløp.
- Man får dokumentert salet.
- Bankterminalen kan brukast utanom sjølve lokalet, bli tatt med på større arrangement i andre lokalar.
- Brukast på sommaraktivitetar ute.

FORVENTA OMSETNING PÅ DEI ULIKE AKTIVITANE:

Kvar av klubbane har sal på klubbveldar 1-2 gangar i veka. Nokre av klubbane vil ha større sal på grunn av tilgang til kjøkken. Det er også avhengig av kor mange born eller ungdommar som deltar. Avdelinga vil også arrangere open hall i skuleferiar og familiearrangement som er ein god inntekt i sal i kiosken. På større arrangement som temafester er det ca 300-400 som deltar, her vil eit kassesystem, bankterminal og vipps knytt til inngangen og kiosk vere viktig og omsettinga større.

Omsettinga vil nok ikkje stige over kr 299 .574 kr på kvar klubb, men det vil likevel vere høge summer som kjem inn i løpet av året.

Tilbod:

Det er sjekka opp i prisar fleire plasser på kva dette vil koste. Det billigaste alternativet er iZettle. Avdelinga foreslår å kjøpe inn:

-Eit kassesystem gjennom iZettle til ein sum av kr 279 i månaden, til saman kr 3348 kr i året for alle klubbane. Kvar av klubbane kan kobles opp mot kassesystemet som eigen avdeling/ medarbeidar.

-Bankterminal til kvar av klubbane til ein eingongssum av kr 199,- per terminal. Dette kjøpas inn hausten 2019. Lindås kulturavdeling har 2 bankterminaler som ikkje er tatt i bruk. Med å bruke bankterminalen betales det 1,75 % av kvar vare til iZettle. Men i dei månadene terminalen er lite brukt som om sommaren, vert det ikkje noko utgiftar når det ikkje er månadsleie.

- Kjøpe inn ekstra utstyr til kvar av klubbane som kvitteringsskriver, kasseskuff, ipad og ipad-stativ. Dette vert ein eingongssum som kvar av klubbane tar utgifta på i 2019.

Avdelinga ungdom, fritid og medverknad er positiv til løysninga til izettler, med tanke på den lave kostnaden i året og med korleis systemet fungerer. Det er lett å bruke både for dei tilsette og ungdommane. Kassasystemet gjer det enklare å registrere kva som er blitt solgt, og ha oversikt over kva varer som går ut og kan derfor lettare planlegge fram mot dei neste arrangementa.